



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|-------------------------------------|------------|
| 107/21 | Utval for samfunn, kultur og næring | 10.11.2021 |

Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv -rullering 2022

Vedtak i Utval for samfunn, kultur og næring 10.11.2021:

Utval for samfunn, kultur og næring vedtek Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2023 -rullering 2022, i samsvar med vedlegg i saka, datert 27.10.21. Rulleringa gjeld handlingsprogram for nærmiljøanlegg, ordinære anlegg, langtidsprogram og omtale av anlegga,

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for samfunn, kultur og næring vedtek Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2023 -rullering 2022, i samsvar med vedlegg i saka, datert 27.10.21. Rulleringa gjeld handlingsprogram for nærmiljøanlegg, ordinære anlegg, langtidsprogram og omtale av anlegga,

Bakgrunn for saka

For å kunne søke og få spelemidlar er det eit krav at prosjektet du vil gjennomføre er tatt inn i Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv –handlingsprogrammet. Denne vert rullert kvart år.

Godkjent plan i si heilheit med vedlegg, finn de [her](#).

Saksutgreiing

Informasjon om rulleringa, innspelsfrist og søknadsfrist for spelemidlar var lagt på kommunen sine heimesider og sendt til lag og organisasjonar som har spelemiddelsøknader i sakshandsamingssystemet.

Det er kome inn 10 nye innspel til rullering av Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (liste vedlagt). Alle nye anlegg er tekne inn i handlingsprogrammet. For dei som har søkt spelemidlar eller har planlagt oppstart innanfor planperioden, er anlegga plassert i handlingsprogram for nærmiljø eller

ordinære anlegg. Dei som ikkje har søkt eller planlagt oppstart er plassert i langtidsprogrammet.

Det er også sendt inn ein spelemiddelsøknad frå Sunnfjord kyrkjelege fellesråd om utandørs treningspark, som ikkje står i planen frå før eller er spelt inn no. Det er valt å ta inn denne i planen i påvente av eit innspel.

Alle som har søkt om spelemidler vert også med i sak om prioritering for spelemiddelsøknader 2022.

Det kom eit innspel om nokre rettingar frå Langeland ski- og fritidssenter;

I oversikt over ordinære anlegg står klubbhus (stadionhus). Det er fullført og kan takast ut av planen.

Skiskyttarstadion er nemnt, men teksten tilhøyrer truleg eit anna prosjekt som er fullført, og har berre delvis relevans her:

Det kan heller nemnast at skiskyttaranlegget er med og kompletterer anleggstilbodet på Langeland, og dessutan var det lagt føringar for dette prosjektet då anlegget fekk tildelt programsatsingsmidlar ifm finansieringa av rulleskianlegget.

Sunnfjord kommune takkar for oppdatering om anlegg, dette er viktig for at planen skal vere korrekt. Når det gjeld klubbhuset, vert denne ståande i planen sjølv om den er realisert. Denne vert først teken ut når planen skal reviderast, og handlingsdelen vil gjelde for 4 nye år. Tekst om skiskyttaranlegget vert oppdatert.

Vurdering

Alle innspel er teke inn og handlingsprogrammet er oppdatert.

Førde, den 28.10.2021

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Hilde Bjørkum
kommunalsjef

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Utval for samfunn, kultur og næring 10.11.2021:

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes vedteke**

USKN-107/21 Vedtak:

Utval for samfunn, kultur og næring vedtek Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2023 -rullering 2022, i samsvar med vedlegg i saka, datert 27.10.21. Rulleringa gjeld handlingsprogram for nærmiljøanlegg, ordinære anlegg, langtidsprogram og omtale av anlegga,

Vedlegg i saka:

Innspel til handlingsdelen for 2022

Handlingsprogram Nærmiljøanlegg 2020-2023 27.10.21

Handlingsprogram Ordinære anlegg 2020-2023 27.10.21

Langtidsprogram 27.10.21

Ordinære anlegg omtale 27.10.21

Nærmiljø omtale 27.10.21